

Sula kommune



FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påverkar natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre friluftsråd, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.

Molde, 7. feb. 2022

Høyring – Områdeplan for Sulafjellet knytt til bygging av gondol, alpinanlegg, skianlegg etc

Vi viser til offentlig ettersyn av forslag til områdeplan for Sulafjellet med høyringsfrist 9 feb. 2023.

Forum for Natur og Friluftsliv synes det er viktig å sikre eit naturvenleg friluftsliv i Noreg for framtida, og det er viktig at reiselivssatsinga blir meir berekraftig og dermed meir naturbasert enn ho har vore til no. Vi trur at Sulafjellet som no er eit sentralt turmål i regionen, vil bli forringa av bygging av gondolbane, sørvisbygg og skianlegga m.m. Vi synes ikkje det er greitt å byggje ned natur for at turistane skal oppleve natur. Vi rår difor Sula kommune til å ikkje tillate bygging av gondolbane m.m. slik det her er omsøkt.

Vi les at hensikta med plana er å regulere eit område i Sula slik at ein legg til rette for bygging av ei gondolbane frå Langevåg sentrum til Sulafjellet samt skianlegg på Sulafjellet. Slik vi ser formålet med reguleringa er det å få etablert ein turistattraksjon i eit urørt område av Sunnmørsnaturen. Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) ønskjer ikkje etablering av gondolbane og andre turistanlegg på denne staden. Vi vil i det følgjande gjere greie for vårt syn.

Den tilrettelegginga som er gjort fram til no på Sulafjellet er enkel i den forstand at det berre er oppgradering av gamle ferdselsveggar samt bygging av enkle seterbuar og hytter. Grunnlaget for det norske friluftslivet er basert på ein enkel tilrettelegging på naturens premisser til beste for folks helse. Dette står ikkje i samsvar med å frakte folk i ei gondolbane til fjells. Vi les av planomtala at alle byggetiltak skal gjerast med minst mogleg inngrep i terrenget. Det er ikkje i tvil om at etablering av gondolbane med herlegheiter i form av tilbod på Sulafjellet vil gjere at folk som normalt ikkje hadde kome seg dit vil kome seg dit. Slik sett vil det gjere fjellområdet tilgjengeleg for fleire brukargrupper. Men no trur no vi at dei som ville ha best av å gå stien opp for si eiga helse skyld berre vil ta bana opp og så ned att og såleis ikkje nytte seg av tilbodet om å gå ned att. Og så var det dette med å bruke argumentet om å opne areal for grupper som ikkje brukar eller kjem seg fram til området i dag (turistar, småbarnsfamiliar, eldre, funksjonshemma osv). Det blir heilt feil; vi kan ikkje lage veggar og gondolbaner på alle fjell og ofre naturen med orsaking dei som ikkje kjem seg dit i dag. Vi vågar nok den påstanden ja at det å lette tilgjengelegheiten til Sulafjellet har ingenting med folkehelse å gjere. I dei seinare åra har det norske samfunnet oppleve utallige redningsaksjonar av folk som har tulla seg bort i norsk natur og treng hjelp til å kome seg heim att. Å frakte mange uføre opp på Sulafjellet er vel meir eit skrekkszenario for det lokale Raude Krossen som vil få denne utfordringa i fanget i fritida si. Slik vi les hovudideen til søknaden, er denne basert på cruiseturisme. Vi trur vi er betre tent med å tenkje meir berekraftig turisme og tenkje då på ein meir opplevelsebasert og naturvenleg turisme der du sette den besøkjande i høgsetet. Ein tur på stiane vi har, gjerne til Sulafjellet, er ei oppleving som du kjenner i kroppen framfor å sitte på ein stol å bli presentert norsk natur.

Vi ønskjer ikkje at det skal skal skje unødige inngrep i norsk natur, fleire redningsaksjonar eller meir forsøpling. Her må nok Sula kommune gjere eit val mellom gondol mm og cruiseturistar i fjellet eller fotturister som legg att pengar lokalt, overnatta, gjer aktivitetar i området og oppleve natur. Vi håper Sula kommune er seg bevisst det ansvaret kommunen har for å føre vidare dei gode norske friluftstradisjonane basert på ein naturvenleg tilrettelegging i norsk natur.

Sulafjellet er i dag det einaste større samanhengande naturområdet med små inngrep i kommunen og nærregionen, meir som ei bymark for både Sula og Ålesund, kor ein kan oppleve natur og naturleg fjellandskap fritt for støy. Eit slikt fjellplatå med utsyn ut mot havet er heilt unikt. Sulafjellet har også fleire verdifulle naturtyper med høg verdi for naturmangfold og dyreliv, blant anna kystmyr og kystlynghei. Desse verdiane er lite tent med dette forslaget til utbygging som vil byggje ned natur – vi har jo etterkvart innsett at vi også har naturkrise i tillegg til klimakrise.

Elles har vi oppfatta at det på orienteringsmøtet for denne utbygginga vart fortalt av utbyggaren at dei har eit underskot på 10 millionar i året på kjøpesenteret sitt i Langevågen, og at ved å lokke fleire til Langevågen, meiner dei at kjøpesenteret vil vere liv laga i framtida. Utbyggaren har altså tenkt å berge maskina for auka forbruk ved å la naturen betale.



Vi ser det ligg i områdeplana også planar om alpinanlegg som er basert på at det ikkje skal gjerast noko i grunnen utover å eventuelt fjerne store steinar. Vår erfaring tilseier at det blir større terrenginngrep her er planlagt – det blir fort det. Dette gjeld også planane om turløypene på sjølve fjellplatået, dei moderne langrennsløypene fører fort til terrenginngrep berre ut frå maskinstorleiken. Dessuten er den vestlege delen av Sulafjellet berre gjort små inngrep slik det er no og ein treng absolutt ingen inngrep frå skiløyper her.

Vi les i planane som er til høyring at utbyggaren tenkje opparbeiding av leikeplass på Devoldfabrikken. Dette høyles fint ut sjølv om vi har problem med å sjå kva kobling ei slik satsing på barn og unge har med å gondolplanane å gjere – for til dømes ein leikeplass er jo ope for alle og er gratis medan å ta ein gondol kostar peng og difor er ekskluderane.

Elles har vi forstått at det inngår i planane at elva frå Vassetvatnet skal opnast opp at til beste for fisk og naturmangfoldet. Dette vil vi støtte og be om at elva blir opna opp att på heile strekninga sjøen til Vassetvatnet.

Helsing

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Ingbjørn Bredeli

Fylkeskoordinator
FNF Møre og Romsdal

Kopi: Møre og Romsdal fylkeskommune, Statsforvalteren i Møre og Romsdal